

# Folldal Menighetsblad



Nr. 5

Høsten 2019

Årgang 30



*Få sjå! Fireåringane Anders (med mor Marita) og Eirin Sofie (med far Jørn) studerer fireårsboka. (Foto: Solveig R. Elgevasslien)*

# Livets gang

## Vigde:

Egnund kapell:

30. nov Camilla Johansen og Raymond Johansen

## Døde:

Folldal:

5. sept. Anne Svendsen

10. sept. Ivar Jørgen Kjøllmoen

8. okt. Erik Tørhaug

16. okt. Jon Toralf Tollefsen



Takk for all vennlig deltakelse ved vår kjære Jon Tollefsens bortgang og begravelse.

En varm takk for minnegaven til LHL.

Vennlig hilsen Ruth og Elin m/fam.

## DEN NORSKE KIRKE • Øvre Folldal og Folldal menigheter

Kirkekontoret, Gruvvegen 7, 2580 Folldal • [www.folldal.kirken.no](http://www.folldal.kirken.no)

**Sokneprest** Jon Olav Ryen

Fridag mandag

Tlf. 62 49 10 00 (kont.), 900 123 78 (mob.)

E-post: soknepresten@folldal.kirken.no

**Kirkeverge** Solveig R. Elgevasslien

Tlf. 62 49 10 00 (kont.), 97 47 27 67 (mob.)

E-post: kyrkjevergen@folldal.kirken.no

**Menighetssekretær/saksbehandler**

Bård Høisen Lohn

Tlf. 62 49 10 00

**Fagarbeider** Frode Solly (tirs, ons, tors)

Tlf. 62 49 10 00

**Organist (kantor)** Irina Grechaniuk

Tlf. 463 79 284

**Kirketjenere**

Folldal og Egnund: Bård Høisen Lohn,  
tlf. 979 59 060

Dalen: Mari Tallerås, tlf. 403 28 031

**KIRKELIGE RÅD OG UTVALG**

**Folldal kyrkjelege fellesråd:**

Jan Kåre Lillekroken (leder), tlf. 924 56 500

**Folldal menighetsråd:**

Bente Helen R. Grimsbu (leder), tlf. 412 31 110

**Øvre Folldal sokneråd:**

Aud Margrethe S. Brendryen (leder), tlf. 915 93 016

**Egnund kapellutvalg:**

Dagny Straalberg Mills (leder), tlf. 922 85 655

**Diakoniutvalg:**

Per Blæsterdalen, Kari Garmager, Solvår Lohn,  
Reidun Phillips, Jon Olav Ryen, Evy Kjølle (vara).

**Trosopplæringsutvalg:**

Marianne Bjørnbakken, Ola H. Eriksrud, Jon Olav Ryen.

**GIVERTJENESTE**

Kontonummer, givertjenesten for menighets-  
arbeidet: 1822.07.46646

Kontonummer, frakt av brukte klær:

1822.14.11621

**FOLLDAL MENIGHETSBLAD**

Forsidetegning: Kirstin Brandsnes

Redaksjonskomite: Arild Alander, Solvor Alstad,  
Oddfrid Eriksrud, Kari Garmager, Jon Olav Ryen (red.).

Kontonummer 1895.25.27688

**Neste nummer kommer ut 20. februar.**

**Kirkens SOS**

Døgnåpen telefon: 22 40 00 40

# Ord til ettertanke

## Biletet

Nokre dagar er eg på høgda- tida strekk ikkje til – ho blir for kort til det eg ynskjer å fylle henne med. Eg er i arbeid, tek tid til å dra til fjells for å hauste inn, eller fram målararsakene og vil gje lerretet eit nytt motiv. Fargane kjem- og gleda med dei.

Men så ser eg det- å freiste å skjule det eg ikkje var nøgd med sist eg tok penselen i hand- det let seg ikkje gjere. På avstand kan eg kjenne meg tilfreds med det som vert skapt. Det er slett ikkje gale det eg ser. Så kjem eg nær innpå. Då ser eg det....Eg kan ikkje unngå å sjå det-, det var ikkje slik det skulle vere. Det var ikkje slik det skulle bli! Og eg må sanne: Målinga krakelerer! Ho sprikk- ho syner fram det eg ville løyne! Eg trudde visst at det var mogleg å skape noko nytt og heilt utanpå det gamle biletet. Eg freistar legge på nye lag med måling, dei glade fargane og dei storslagne motiva.

Men det krakelerer. Uansett kva eg gjer- det synest. Er ikkje til å gøyme! Slik er visst livet mitt. Ikkje berre livet på lerretet. Livet mitt slår sprekker, det krakelerer- i kvardagen i møte med menneske, i møte med det eg ikkje forstår- eller kan akseptere. Eg synest ikkje om det, vil aller helst ikkje tale om det, men det er slik.

Så kjem høgtida, med endå ei overrasking. Midt i alt som glimer og skin i fargar og storleik, står Han som ikkje kastar meg og livet mitt til sides. Han kjem meg i møte med stor glede: «Vær ikkje redd. Eg ser strevet ditt, uroa di. Kom til meg, og kvil deg her. Eg gjer heilt att det som er sprukke, og gjev deg ny kraft.» Så vart det julefred i år og. Julefred med kvile i. Julehøgtid utan strev.



Eg er likevel ikkje overlata til meg sjølv. Ein har sett dette strevet mitt med å måle over feila mine. Han innbyd meg til å kome med både pensel, lerret og fargar, ja endå med det eg har byrja på, og overgje det til han. Så vil han syne meg korleis blande fargane på ein forunderleg måte, og legge penselstrøka med ein slik presisjon eg aldri før har sett. Jesus gjer allting nytt att. Han nyttar mine brot og sår, let feilsteg og tilgjeving verte eit vitnesbyrd om Hans nåde, stig inn i sorg og sagn og gjev det ein ny let eg ikkje kjende før. Det vert ei annleis jul då.

*Gjev ikkje glans og gull og prakt  
ved signa juletid!*

*Gjev meg Guds ære, englevakt  
og over jorda fred!*

*Gjev meg den fest som gleder mest,  
med Kongen beden hit som gjest!*

(.....)

*Du Herre, som min konge kom!*

*Du, einast, skifter aldri om.*

*Til høg og låg, til rik og arm,  
kom glad og hjartevarm!*

(Zakarias Topelius; nr 57 i salmeboka)

## Verdas mest kjende julesong

Den vakre *Stille Nacht (Glade jul)* vart skriven i ein austerrisk landsby juleftan i 1818 av hjelpeprest Joseph Mohr. Austerrikaren Franz Gruber skreiv melodien. Songen vart fyrste gong framført av eit kor, akkompagnert på gitar. I dag er songen sett over til meir enn 300 språk og dialektar.

Altså: Nesten kor i verda du måtte feire jul, er sjansen stor for at denne songen, som er over 180 år, syngast på det lokale språket, anten adressa er Tahiti eller Beijing. Den mest brukte versjonen hjå oss er omsett av dansken Bernhard Ingemann (1850). Same mann skreiv *Deilig er jorden* dette året. Båe handlar om det som skjedde i stallen i Betlehem.

Det er fleire historier om songen, dette er den vanlegaste: Juleftans morgon i 1818 finn vikarorganist Franz Gruber i alpelandsheten Obendorf ut at kyrkjeorgelet er øydelagd. Ei mus satt fast i belgen, og han fekk ikkje reparert før midnattsmessa. Då fekk Joseph Mohr ideen om å komponere ein ny julesong, og Gruber laga melodien. Eit lite kor

blir starta, og Gruber spela attåt på gitar. *Stille Nacht* vart ikkje berre godt motteke ved urframføringa. Særleg dei eldre likte ikkje gitaren i Guds hus.

Mange år seinare fann orgelmontøren Karl Mauracher notane att i kyrkja. Songen kom ut over Europa med ei songgruppe som reiste rundt omkring. Seinare vart den spreidd ut over heile verda. I 1839 vart den sunge fyrste gongen i USA. Franz Gruber døydde ukjent og fattig i 1863. Mange år etter at han gjekk bort, fekk han si rettferdige ære. Sankt Nicolas kyrkje i Obendorf vart riven på 1890-talet, etter at den vart øydelagd av flom. I 1920-åra vart det reist eit minnekapell der den stod. Her finns ei stor tavle, der *Stille Nacht* står på ei rekke språk, også på norsk. Ein kopi av kapellet er bygd i Michigan i USA.

Kari Garmager

Fyrste og sisteverset av *Glade jul* (nynorsk versjon ved Bernt Støylen) lyder:

*Glade jol, heilage jol!  
Englar kjem frå Guds kongestol,  
blomar ber dei frå paradys,  
fint og fagert dei syng Guds pris.  
/: Løyndeg ikring oss dei går. :/*

*Sæle fred, himmelsk fred  
jolekvelden til jord kom ned.  
Englar syng om den fred dei såg,  
syng om han som i krubba låg.  
/: Gled deg, kvar sjel han har frelst! :/*

## Mitt juleminne

**Vi har spurt nokre folldølar om dei har eit juleminne eller to dei vil dele med våre lesarar.**



### **Signy Bakken:**

Alle i familien skulle vera heime 1. juledag. Margrethe hadde gebursdag juledagen, så vi jentene var hos ho. Det var ikkje heilt greitt, men det vart så vi gjekk til venninna vår.

Mor og bestemor pussa og vaska til jul. I eine gangen som vi brukte i høgtida, stode det ei parafinkanne. Der kom julenissen inn med snø under skoa og glei, og kom borti kanna og velta ho. Nissen vart veldig lei seg, han hadde gått eit stykke på ski før han kom til oss.



*(Biletet er frå 80-talet, antakeleg frå same julekvelden.)*

### **Linda Sæteren:**

Julekvelden eg her tenkjer på, var sist på 80-tallet. Pappa og bestefar vart endeleg ferdig med å eta opp lutefisken og det var tid for å opne pakker. Da tok pappa i veg nedover kjellartrappa og eg sprang etter og spurte kva han skulle. Jo, han måtte føre revane. Eg vart temmeleg oppgjedd og litt sur over at han ikkje hadde gjort det tidlegare på dagen! Da var det berre å smørje seg med enda meir tolmod før pakkeane kunne opnast trudde eg, men omtrent samtidig som pappa truleg kom til revegarden, kom nissen inn til oss.



### **Synnøve Smedhus:**

Ja, da kan eg fortelje om ein juletefest på Rondeslottet. For fyrste gong på juletefest med ei lita barnebarnejente, hadde farmor Synnøve store forventningar til gangen rundt juletreet. Det vart ikkje den heilt store opplevinga for veslejenta, for på scena sat nemleg Arne Olav og nokre andre blåsarar og spela til songen. Jenta sto med trillrunde augo rett framfor scena, og ville ikkje gå derifrå. Dette var nok hennar fyrste nærkontakt med musikarar i ensemble, og det gjorde heilt tydeleg eit djupt inntrykk!

# Nyvalde medlemmar i dei kyrkjelege råda

**For perioden 2019 – 2023 er samansetninga slik i våre kyrkjeleg råd i Folldal etter valet i haust:**

## ***Folldal menighetsråd:***

Bente Helen Rønning Grimsbu (leiar)

Arild Alander

Ole Petter Berger

Synnøve Brandsnes

Ola Hansen Eriksrud

Jan Kåre Lillekroken

Jon Olav Ryen (geistleg representant)

Varamedlemmer:

1. Grete Kristoffersen

2. Åse Kristoffersen

3. Kristin Kylstad Streitlien

4. Jonny Randen

5. Per Olav Eriksen

## ***Øvre Folldal sokneråd:***

Aud Margrethe S. Brendryen (leiar)

Marianne B. Husom

Vegar Nystuen

Oddveig Nyvoll

Jon Olav Ryen (geistleg representant)

Varamedlemmer:

1. Bjørge Dahlen

2. Terje Andresen-Ulsletten

3. Egil Eide

4. Laila Graven

5. Torkjel Brendryen

## ***Folldal kyrkjelege fellesråd:***

Jan Kåre Lillekroken (leiar)

Arild Alander

Aud Margrethe S. Brendryen

Marianne B. Husom

Kristin Langtjernet (kommunen sin representant)

Jon Olav Ryen (geistleg representant)

I Folldal sokn heiter det 'menighetsråd', medan Øvre Folldal bruker det nynorske ordet 'sokneråd'. Menighetsrådet (soknerådet) har ansvar for kyrkjens «indre» (ånedelege) liv, det vil seie song, musikk, forkynning, undervisning osv. Kyrkjeleg fellesråd på si side skal ta seg av dei «ytre» vilkåra for kyrkja si verksemd, så som bygningar, økonomi og person-

ansvar. I fellesrådet sit to personar frå kvart sokn forutan ein representant frå kommunen, samt presten. Kyrkjeverja (Solveig R. Elgevasslien) er dagleg leiar og sekretær for fellesrådet.

Dei nye råda tok formelt over frå 1. november i haust (kyrkjeleg fellesråd frå 1. desember).




*Folldal menighetsråd, med varamedlemmar, frå venstre: Ola H. Eriksrud, Jan Kåre Lillekroken, Bente Helen Rønning Grimsbu, Arild Alander, Grete Kristoffersen, Åse Kristoffersen, Kristin Kylstad Streitlien, Jonny Randen, Synnøve Brandsnes, Ole Petter Berger. Ikkje til stades: Per Olav Eriksen (foto: Jon Olav Ryen).*



*Øvre Folldal sokneråd, med varamedlemmar, frå venstre: Oddveig Nyvoll, Aud Margrethe Skomakerstuen Brendryen, Marianne Borkhus Husom, Bjørge Dahlen, Terje Andresen-Ulsletten, Vegar Nystuen. Ikkje til stades: Egil Eide, Laila Graven og Torkjel Brendryen (foto: Jon Olav Ryen).*

# Diktet mitt

Takk for utfordringa, Møyfrid!  
Ikkje lett å velje berre eitt dikt, men det vart dette:



## *Om å ha håp*

*Vi treng håpet.  
Den vesle kvite perla ein stad i oss, gøymt.  
Den stille elva som brått kan bruse over.  
Utsynet bak neste sving. Tonen som løftar dagen.  
Vi treng handa som blir strekt fram og  
orda som vekkjer draumar.  
Løvetannen opp or asfalten.  
Fuglen på veg i fridom, lyset på skrå inn.  
Håpet vi kan gi kvarandre, eller ta bort.  
Denne dagen er vår.*

Bente Bratlund

Til neste blad utfordrar eg Frode Solly.

Solveig R. Elgevasslien





## Profilen: Leiaremmet

Mannen vi her skal høre om, var mykje yngre enn Paulus; det skilde kanskje ein dryg generasjon mellom dei to. Han vart likevel tidleg sett til å leie den ferske og urøynde kristne forsamlinga i storbyen Efesos i Lilleasia (dagens Tyrkia). I eit av breva i Det nye testamente som er stila til han, heiter det: «Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung!» Kanskje vart det stilt spørsmål ved å ha ein så ung leiar for forsamlinga.

### Foreldre med ulik tru

Vår mann møtte Paulus for første gong då sistnemnde kom til Lystra i Lilleasia på si andre misjonsreise omkring år 50. Foreldra hans hadde ulik bakgrunn: Mora var truande jøde, medan faren var gresk. I det andre brevet Paulus seinare skal ha skrive til sin unge medarbeidar, nemner Paulus at den kristne trua budde i hans mormor og mor. Paulus tok den unge mannen med seg på resten av misjonsreisa. Dermed vart Paulus sin unge medarbeidar med på den aller første evangeliseringa av Europa. Han følgde også med på Paulus si tredje misjonsreise.

### Helseproblem

Den unge mannen hedde visse problem med helsa. I eit av sine brev oppfordrar Paulus han til ikkje lenger å drikke berre vatn, men òg litt vin, «for magen din og fordi du så ofte er sjuk». Ting kan òg tyde på at han var forsiktig og sjenert av natur, noko som kanskje gjorde at det ikkje var lett å bli respektert til å begynne med. Men hans evner til å vise omsorg og klokt leiarskap overskygga desse sidene.



*I denne spalten møter vi kjente og ukjente kvinner og menn fra bibelhistorien.*



### Tidleg ansvar

Som leiar av kyrkjelyden i Efesos fekk han mykje ansvar på sine unge skuldrer. Han er nemnd som medforfattar av fleire Paulusbrev, mellom anna brevet til filipparane. Kva for ein bibelsk person skal vi fram til? (Svaret finn du under Småplukk lenger ute i bladet.)

Jon Olav Ryen

## Glimt fra menighetslivet

### Høstens Elvis-konsert

Et begeistret publikum fikk høre og se dyktige musikere og solister under konserten med tekster og toner hovedsakelig av Elvis Presley i Folldal kirke tidligere i høst. Det var Ole Johnny Bekkemellem & The Kingsmen

som sang og spilte. De hadde denne gangen med seg Sunniva Solly som gjestesolist. Hun bidro med en fin versjon av balladen *Can't help falling in love*. Temaet for konserten var Elvis' reise fra gospel til rock.



(Foto: Frode Solly)



**Flaggborg:** Gudbrandsdal FN-veteranar var med under gudstenesta i Dalen kyrkje, søndag 27. oktober 2019, tri dagar etter FN-dagen. Frå Folldal deltok Anton Streitlien og Ola Garmager (foto: Kari S. Garmager).



**Reparert skigard:** Gjerdet ved plakattavla utanfor Dalen kyrkje fekk seg ein hard medfart julehelga for eit par år sidan. No er skigarden sett i stand att. Takk til Ola for dugnadsjobben! (Foto: Kari S. Garmager.)



**Jubilanter:** Gjensynstreff for 50-årskonfirmantene, her fotografert i Follidal kirke: Første rekke f.v.: Tove Dahlen, Grethe Bodil Røsten, Liv Irene Alander (f. Lien), Gunn Jorund Skomakerstuen, Gunnveig Eide. 2. rekke: Jan Inge Klokkehaug, Inger Grete Grimsbu Vintervoll, Arnhild Hoel, Ulla Lauritzen (f. Hegerstrøm), Synnøve Ruud, Signe Johannesen. 3. og 4. rekke: Arild Plassen, Knut Enget, Rolf Bjørnar Dahlen, Tor Enget, Kjell Borkhus, Torfinn Slåen, Inge Magnar Nyvoll, Egil Dalflyen, Arne Voll, Oddleif Ruud (foto: Geir Olav Slåen).



**Ferske bokeiere:** Disse fireåringene fikk Min kirkebok under familiegudstjenesten i Follidal kirke i oktober: Fra venstre Anders Kristoffersen (halvt vendt fra mor og fotograf), Eirin Sofie Brendryen (i fanget på far), Syver Tamnes, Aslak Berget Streitlien, Tiril Løkken-Engh, Julie Opshaug Blæsterdalen, Lotte Dalslåen (foto: Solveig R. Elgevasslien).

## Ny plakattavle ved Folldal kirke

Plakattavla som har stått ved hovedkirken i mange år, har sett sine beste dager. Amund Elgevasslien har i sommer snekra ei ny, for-

seggjort oppslagstavle. Utforming og farger har modell fra selve kirkebygget (foto: Solveig R. Elgevasslien).



## Fra kjøkkenvinduet

Så er det adventstid og snart jul. Denne høsten har sannelig gått fort. Det har vært mange fine høstdager som vi har benyttet til turer rundt Krokstjønna. De rolige vannflatene og stillheten rundt disse idylliske tjernene gir fred i sinnet og ro i kroppen. Hver morgen våkner vi med Knutshovda i front som stadig skifter farger. Akkurat nå er den ikledd vinterkåpe og er et nydelig syn. I kveld er det fullmåne og hvis det er klarvær, er Knutshovda et flott skue. Første del av november var iskald så det er mye spor rundt huset etter to- og firbente som jakter på mat. Rådyrene som var borte i fjor, ser vi spor etter allerede nå. På fuglebrettet er det livlig, og skjæra bestemmer når ekorn og småfuglene skal ha sin del av nøtter og solsikkefrø. Det er like morsomt å se på livet som utspiller seg på fuglebrettet som å se på tv. Hver kveld sniker en sulten katt seg, som tydeligvis ikke har noe hjem, helt opp til utgangsdøra hvor det er satt ut kattenmat. Jeg ser han bare av og til for han er veldig sky. Han har nok hatt et hjem en gang, men er tydeligvis forlatt eller kommet bort. Men han er sikret mat så lenge jeg bor her.

Så er vi inne i den fineste tida på året syns jeg – advent. Om vi er små eller store, så har vi en forventning til jul. Det er jo denne forventningen som bærer oss gjennom mørketida. Så det gjelder å ikke la denne fine følelsen drukne i grønnsåpe, kakebakst og stress. Dette skal være en koselig tid med forberedelser til julefeiringen. Fra min barndom husker jeg at både en og to kvelder i den travle førjulstida ble satt av til å lage julepynt. Min mor rørte sammen mel og vann til lim og glanspapir var kjøpt inn, så det var bare å la fantasien slippe løs. Vi måtte passe nøye på en av søstrene mine for hun syntes «limet» var det beste godteri. Så når ingen holdt øye med henne, ble det mindre og mindre i bollen. Vi brukte også mye pynt av krepp-papir, for det kunne strekkes og tøyes. Vi har vel alle opplevd pappfugler med vinger av krepp-papir. Det ble fine julekurver og lange lenker som prydet jule-



*Under denne vignetten skriver vår spaltist om stort og smått fra sitt utsiktspunkt på kjøkkenet.*

treet. Jeg har i alle år siden jeg fikk barnebarn, satt av en kveld til juleverksted, men i år blir det ikke samme deltagelse som før fordi de har flyttet, og ikke kommer hit før juleferien begynner. Men vi kan ikke gi slipp på en slik fin tradisjon så i år blir det vi to gamle som skal lage julepynt. Jeg tror det blir en slitsom kveld for stive fingre å få til all flettinga, men selvgjort er velgjort.

Jeg gleder meg til å se all den fine belysningen folk henger opp på hus og i hager. Å ta en kveldstur i Fолldal i dagene før jul er som å trå inn i en eventyrverden. Folk er så kreative og flinke til å lyse opp i den mørkeste tida. Og det setter en i julestemning. Det er ei hektisk tid, men vi må ta noen pauser innimellom. Er det egentlig så farlig om vi ikke rekker å vaske hver krok og ikke har 10 kakeslag. Det går an å kjøpe litt også. En behøver ikke å slite seg helt ut. Det er viktig å kose seg i denne fine tida. De lange mørke kveldene innbyr jo til kosestunder med familie og venner. Og la oss ikke glemme de som er alene. Småkakene smaker aller best nå før jul. Så håper jeg vi alle kan la julefreden senke seg over oss når kirkeklokkene igjen ringer julen inn julaften. Det er mange gamle tradisjoner som skal holdes i hevd. Men det er vel ikke så farlig om en lager noen nye og egne tradisjoner.

Så ønsker jeg dere alle gledelig jul og godt nytt år!

Solvor Alstad

# Noen av julas symboler

Jula er full av symboler, de fleste sjølsagt kristne, men også mange så gamle at de trolig er fra førkristen tid. Eller at de i alle fall inneholder trekk fra før kristendommen kom hit til landet. Her skal vi ta for oss noen av dem, og hva de betyr.

## Julehalmen

Julehalmen er et eldgammelt innslag i høgtidsstellet i jula. Folk strødde halm på gulvet julekvelden, og det var gjerne husbonden som bar det inn. Julenatta skulle alle i huset ligge samla på gulvet i denne halmen. Det religiøse symbolet i dette kan være tilknytta det at Jesus var født i en stall og lagt i ei krybbe – sikkert da i halm. Så skulle menneskene dele hans kår denne natta og ligge i halm.

Ellers er halmen, som et produkt fra dyrkinga av korn, et gammelt symbol for livskraftene, gjerne fra førkristen tid, og slik et viktig symbol ved årets vendepunkt. Men en kan nok også sjå det rent praktiske her. Halmen gav varme i gulkvalde rom.

Det var stort sett slutt på denne tradisjonen i Norge i løpet av 1800-tallet, men det fins opplysninger om denne bruken av halm litt utover 1900-tallet noen steder. Trolig kom strøing med einer og overtok for halmen på gulvet julenatta. Skjønt hakka einer strødd på gulvet er trolig en veldig gammel skikk, som ikke bare hører spesifikt jula til.

Det vart også laga uroer og andre figurer av halm. Dette er kjent i Norge, men har nok vært mer utbredt i Sverige.

## Juleneket

Juleneket stammer helt tilbake fra førkristen tid. Det er opprinnelig et fruktbarhetsoffer,



trolig til Odin. Det blir gjerne sett på som et offer for å sikre gode avlinger det kommende året.

Neket skulle være av det beste kornet en hadde etter skuren. Det sies i hvert fall slik mange steder.

Skikken med å sette opp julenek har vært utbredt stort sett over hele landet. I dag symboliserer juleneket at alle, også småfuglene, skal ha godt med mat i jula – vi ser den gamle medkjensla med alt levende ved juletider.

Prost Hiorthøy forteller fra Gudbrandsdalen at det var vanlig å sette opp tre kornband ved løa og fjøset. Og dette med tre er det jo naturlig å knytte til den kristne trua. Hjorthøy forteller også at dette vart gjort «... til Spurvenes Føde i den Hensigt, at de næste Aar ikke skal gjøre dem Skade paa Ageren».

## Juletreet

Det mest markante innslaget av julesymbolene våre, men mye yngre enn de to forannevnte er juletreet. Det kom til Norge i løpet av 1800-tallet, blant folk flest først helt mot slutten av århundret. Men grønne kvister av

gran eller furu brukt til å pynte med innomhus, er trolig eldre enn juletreet.

Juletreet vart først dekorert med epler, flate kaker og papirblomster, og det ble det naturlige midtpunktet på julaften. I starten av juletreets tradisjon var det ofte en engel som prydet toppen av treet. I dag er det julestjerna, mens noen foretrekker spir.

Sjølve juletreet symboliserer livets tre i Edens hage, og Jesus som det eviggrønne tre. Juletrefoten var tradisjonelt formet som et kors, det mest velkjente av alle de kristne symbolene. Og juletreet pynter vi med mye forskjellig. Stjerna i toppen symboliserer sjølsagt betlehemsstjerna som førte de tre vise menn til Jesus, og glitteret skal være strålene fra stjerna. Lysene symboliserer Jesus som verdens lys. Englene er Guds budbringere – de var de første som fortalte at en frelser var født. Kulene er symbolet på vår jordklode og Guds kjærlighet til jorden. Epler kan forekomme, og de skal minne oss om syndefallet. Fugler er det mange som har på juletreet, og de symboliserer Den Hellige Ånd. Hjerter er selvfølgelig symbol for kjærlighet. Lenker står for samhold og brorskap mellom menneskene. Kurvene fylles gjerne med godsaker og kanskje små gaver. Både dette og julegavene skal minne oss om Guds gode gaver til menneskene, og den største gaven: Frelseren.

Norske flagg har vært brukt på juletreet. De kom til som juletrepynt i forbindelse med unionsoppløsningen fra Sverige i 1905. I dag er det noen som har rekker med flere forskjellige flagg, for å symbolisere at vi er mange folk og nasjoner.

### **Brennende lys julenatta**

Det vart støpt spesielt store lys til jul, og disse skulle stå og brenne hele julenatta. En eller flere satt gjerne oppe og holdt øye med lyset, mens resten av folket på garden kunne legge seg til å sove.

Det brennende lyset var jo veldig viktig, for akkurat denne natta var alle de onde maktene ekstra aktive og farlige. Så julelysa kan tolkes som et vern mot onde makter. Likeså er jo lyset også et symbol på Jesus som er verdens lys.

Skikken med å la levende lys brenne utover julenatta er vel stort sett borte for lengst. Men den lever videre i skikken med å tenne lys på gravene på kyrkjegarden på julekvelden.

Arild Alander





## Småplukk

- **Profilen (side 9):** Svaret er *Timoteus*. Det greske navnet betyr 'den som ærer Gud'. Timoteus var leder av menigheten i Efesos, noen mil fra dagens Izmir i Tyrkia.
- **Vi synger og spiller julen inn** finner sted 15. desember (merk datoen), ikke 22. desember som meldt i forrige menighetsblad!
- **Menighetens juletreff** arrangeres første fredag på nyåret, *3. januar kl 19*. Stedet er Fjellheim samfunnshus. Øvre Folldal sokneråd ønsker store og små velkommen!
- **Ny lagringsplass for menighetens klesinnsamling?** Vi er på leting etter et mer egnet sted for lagring av klær og annet som samles inn til Estland. Ordning pr. i dag er at nøkkel kan lånes på kommunens service-kontor til et lagerrom vi disponerer på gamle Verket skole, til venstre for hovedinngangen (ved rullestolrampe). I sommer og høst har imidlertid ubudne gjester vært inne i lokalene og skapt en viss uorden. Vi ønsker derfor et annet egnet lokale av en viss størrelse for lagring av kasser og sekker med klær som skal sendes. Det bør være god adkomst for lastebil, og god plass for inn- og utlasting. Kontakt Ola H. Eriksrud (tlf. 911 01 027) hvis du vet om et egnet sted!



**Nytt varmeanlegg:** Fra høstens store prosjekt med boring etter bergvarme til Folldal kirke. Mer stoff kommer i neste nummer! (Foto: Frode Solly.)

# Tollans Byggservice AS

2580 Folldal

VÅR FAGKOMPETANSE - DIN SIKKERHET!



Grunnarbeider                      Betong  
Nybygg    Påbygg    Restaurering  
Hus            Hytte            Garasje  
Landbruksbygg

TA KONTAKT FOR EN  
UFORPLIKTENDE SAMTALE.

Tlf. 915 23 458    e-post: [terje@tollansbyggservice.no](mailto:terje@tollansbyggservice.no)

# BYGGER'N

## DALHOLEN

DALHOLEN HANDEL, 2584 DALHOLEN  
TLF. 62 49 31 31    [info@dalholen.byggern.no](mailto:info@dalholen.byggern.no)

Vi hjelper deg  
med det du trenger  
til små og store byggeprosjekt!

## Grimsbu Turistsenter

### Motell & Camp \*\*\*

2582 GRIMSBU

Telefon: 62 49 35 29

E-post: mail@grimsbu.no www.grimsbu.no

Grimsbu Turistsenter tar juleferie  
fra 23. des. til 2. jan. kl 09.00

### Åpningstider:

Hverdager 08:00 til 22:00 • Lørdager og søndager: 09:00 til 19:00

Selskapslokaler – Møtelokaler – Kafeteria – Hytter – Rom - Camping

## Julebuffet søndag 15. desember

Fra kl. 13 - 18.

Pris kr 295,- / pensjonister kr 200,- / barn 4-12 år kr 95,-

## JULEGAVER? Sportskjelleren/Grimsbu Fritid er full av gode JULEGAVEIDEER!



- SELSKAPSLOKALE MED SÆRPREG -

# Kvebergsoya Gard

VELKOMMEN TIL OSS!

- Møte- og konferanselokaler med digitalt utstyr
- Velegnet for 20 - 48 personer
- Kjøreoppdrag og kanefart
- Ring for menyforslag og priser



FJØSET ER ET UNIKT LOKALE  
VELEGNET TIL FEIRING.  
BURSDAG, BARNEDÅP,  
KONFIRMASJON...

**TA KONTAKT FOR TILBUD!**

Eris Davids og Martin Kjøsberg

2582 Grimsbu

Mobil: 4161 3941 / 9524 1571

www.kvebergsoeya.com

post@kvebergsoeya.com



# Velkommen til kirke

## FOLLDAL MENIGHETSBLAD

Ansvarlige utgivere:  
Folldal menighetsråd og  
Øvre Folldal sokneråd  
Returadresse: Kirkekontoret,  
Gruvvegen 7, 2580 Folldal.  
Utforming: Solhellinga Folldal AS

**8. des.** 2. søndag i advent Joh 14,1-4  
11.00 Dalen krk. Ryen. Høymesse med  
nattverd.

**15. des.** 3. søndag i advent Matt 11,2-11  
12.00 Dalen krk. Vi synger og spiller julen inn.  
19.00 Folldal krk. Vi synger og spiller julen inn.

**17. des.** (tirsdag)  
10.15 Folldal krk. Adventsstund med Folldal  
barnehage.  
13.45 Folldal krk. Julegudstjeneste med Folldal  
skole.

**24. des.** Julaften Luk 2,1-20  
11.00 Egnund kpl. Berg. Familiegudstjeneste.  
Offer: Kirkens Nødhjelp (KN).  
11.00 Folldal Bo- og Servicesenter. Ryen.  
Juleandakt.  
14.30 Dalen krk. Ryen. Familiegudstjeneste.  
Offer: KN.  
16.00 Folldal krk. Ryen. Familiegudstjeneste.  
Offer: Folldal Frivilligsentral.

**25. des.** Juledag Joh 1,1-14  
12.00 Folldal krk. Ryen. Høytidsgudstjeneste  
med nattverd. Offer: Menighetsarbeidet.

**26. des.** Andre juledag (Stefanusdagen) Matt 2,16-23  
11.00 Dalen krk. Ryen. Høytidsgudstjeneste  
med nattverd. Offer: Menighetsarbeidet.

**27. des.**  
18.00 Folldal krk. Julens salmer og sanger.  
Elever fra kulturskolen deltar.

**31. des.** Nyttårsaften Luk 13,6-9  
15.00 Folldal krk. Ryen. Nyttårsmesse med  
nattverd.

**3. jan.** (fredag)  
19.00 Fjellheim samfunnshus. Menighetens  
juletefest.

**12. jan.** 2. søndag i åpenbaringstiden Matt 3,13-17  
11.00 Folldal krk. Ryen. Høymesse med  
nattverd.

**26. jan.** 4. søndag i åpenbaringstiden Luk 18,35-43  
11.00 Dalen krk. Ryen. Høymesse med  
nattverd.

**2. febr.** 5. søndag i åpenbaringstiden/  
kyndelsmesse Mark 2,1-12  
11.00 Egnund kpl. Ryen. Høymesse med  
nattverd. Årsmøte for kapellutvalget  
etter messa.

**9. febr.** Såmannssøndag Luk 8,4-15  
11.00 Håkons hall, Lillehammer. Ryen m.fl.  
Gudstjeneste på konfirmantleir.

**23. febr.** Fastelavnssøndag Joh 17,20-26  
11.00 Folldal krk. Ryen. Høymesse med  
nattverd.  
16.30 Folldal Bo- og Servicesenter. Ryen.  
Gudstjeneste med nattverd.



Foto: Bård H. Lohn